

SAMMEN
OM



Miljøloftet

NOTAT

Vedlegg nr. 5

Til: Styringsgruppen
Fra: Bergen kommune v/Bymiljøetaten
Kopi: [Fyll inn]

Saksbehandler/telefon:
Tale Halsør / [Fyll inn]
Vår dato: 25.01.2022

Sak 13/22 Trafikksikringsplan for Bergen 2022-2025

Bakgrunn

Byrådet i Bergen vedtok i møte 16.04.2020 sak 1114/20 oppstart av arbeidet med Trafikksikringsplan for Bergen 2022-2025. Planen er den sjuande i rekka av fireårige trafikksikringsplanar for Bergen, og er utarbeidd som ein temaplan.

Planen er utarbeidd av ei arbeidsgruppe leia av Bymiljøetaten i Bergen kommune, med deltakarar frå Vestland fylkeskommune, Statens vegvesen, andre kommunale einingar, Politiet og Trygg Trafikk.

Miljøloftet v/AKG vedtok i sak 12/21 i møte 07.01.2021 at planen skulle gjelde for Miljøloftet. Utkast til plan vart lagt fram for AKG 09.03.21, sak 40/21 og AKG fatta følgjande vedtak: *AKG tar saken til orientering og ber om at Trafikksikringsplanen presenteres igjen når høringsinnspillene er bearbeidd. AKG minner om viktigheten av å koble arbeidet med nullvisjonen til nullvekstarbeidet.*

Utkast til plan blir difor lagt fram for Miljøloftet.

Om planen


Planen er basert på føringar frå nasjonale, regionale og kommunale planar og vedtak, der nullvisjonen er den viktigaste. Vidare er folkehelse og nullvekstmålet identifisert som to heilt sentrale føringar. Planen bygger på eit kunnskapsgrunnlag om politiregistrerte trafikkulukker, og er oppdatert med ny kunnskap frå mellom anna rapportering og utvikling av nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet.

Mål for planen er:

Bergen skal vere ein trafikksikker by, som legg til rette for at fleire vel å gå og sykle

Indikator for å måle i kva grad vi lukkast med arbeidet vil vere etappemålet for nullvisjonen for Bergensregionen. Nullvisjonen er ein nasjonalt og lokalt vedteken visjon om at ingen

skal omkomme eller bli hardt skadd i trafikken. Visjonen er delt opp i etappemål, som for Bergensregionen er at ikkje fleire enn 11 personar skal omkomme eller bli hardt skadd i trafikken i 2030.



Figur 11.1 Utvikling i drepte og hardt skadde i Bergensregionen (tall fra STRAKS-ulykkesregisteret)

Det er identifisert tre strategiar for realisering av målet i planen:

- Fremje mjuke trafikantar
- Utbetre utrygge punkt og strekningar
- Fremje god trafikkunnskap og -haldningar

Basert på strategiane er det identifisert fire innsatsområde, med tilhøyrande tiltak. Det har i planarbeidet vore eit særleg fokus på barn, eldre og personar med funksjonsnedsetting.

Trafikksikring er eit område med tradisjon for godt samarbeid mellom aktørane. Vi har over tid sett at det har ført til gode resultat og utviklinga i talet på ulukker går riktig veg. Ei sentral oppgåve i den kommande planperioden vil vere å hindre ein målkonflikt mellom nullvisjonen og nullvekstmålet, som vil kunne snu den gode utviklinga. Ein særleg innsats må difor rettast mot å sikre at fleire mjuke trafikantar i bybildet ikkje fører til fleire alvorlege trafikkulukker, men heller fører til fleire, tryggare trafikkmiljø. For å lukkast med å realisere dei målsettingane vi sett i planen og styrke dei ulike satsingsområda vil vi ha behov for å halde fram og vidareutvikle det tette samarbeid mellom vegeigarane.

Planen er utarbeidd av ei arbeidsgruppe med alle dei sentrale aktørane som jobbar med trafikktrygging. Arbeidsgruppa har vore breitt samansett med deltakarar frå alle forvaltingsnivå, og inkluderer også ulike kommunale sektorar som skule, folkehelse og områdesatsing. Det har vore godt samarbeid og stor semje om strategiar og innsatsområde. Kommunen vil no vidareføre tiltaka i handlingsplan for trafikksikringstiltak

på kommunal veg 2022-2025.

Planen var på offentlig høyring med frist 27.10.2021. Det kom merknadar frå 18 aktørar, der størsteparten var innspel til konkrete punkt eller strekningar. Desse vert handtert gjennom vidare handlingsplanarbeid hos dei einiskilde vegeigarane. Andre sentrale tema var Hjertesone og el-løpehjul. Dette er identifiserte tema som allereie er høgt prioritert i planen og vil ikkje føre til endringar i planen, men bidreg heller til å stadfeste at dette er tema vegeigarane bør prioritere i planperioden. I tillegg kom nokre innspel som vil føre til mindre justeringar i ordlyden i formuleringar i planen.

Bymiljøetaten vil i etterkant av framlegg for Miljøløftet oversende planutkast med eventuelle justeringar til politisk handsaming i Bergen kommune.

Utkast til TS-plan er å finne her: [Bergen kommune - Har du innspill til kommunens trafikksikkerhetsplan?](#)

Forslag til vedtak

Miljøløftets styringsgruppe tek framlegg til Trafikksikringsplan for Bergen 2022-2025 til orientering.